



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 18.03.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 17.15

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Solveig Romsø Øye	SP

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
-------------------	-------------------

031/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
032/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
033/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
034/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
035/26	Orientering ny ungdomskule - Mars 2026
036/26	Handlingsprogram for samferdsel for Rogaland - innspel frå Hjelmeland kommune
037/26	Søknad om støtte til koordinerande stilling for desentralisert sjukepleiarutdanning i Ryfylke
038/26	Høyringssvar NOU 2026:1 Ein berekraftig kommunesektor
039/26	Klarlegging av punkt om reguleringsarbeid - Hjelmeland sentrum - Hagebyen
040/26	Kommuneplanens arealdel - Oversikt og grovsortering av innspel til planoppstart

031/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Følgjande vil reise spørsmål om sin habilitet:

- Solveig Romsø Øye, SP, i sak 038/26 og 040/26
- Arthur Fjeldheim Egeland, SP, i sak 040/26
- Anna Lena Kleppa, SP, i sak 040/26
- Dagfinn Svadberg Hatløy, SP, i sak 040/26

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 031/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

032/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 032/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

033/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Spørsmål frå folkevalde:

Hauge, AP:

Sak 033/26.2: Må me fortsetje å vente på lång tunnel i Årdal? Kva kan me gjere? Det er ei farleg strekning.

Svar frå ordførar: Ordføraren hadde møte med Statens vegvesen. Det må planmidlar inn i NTP før dei vil gjere ytterlegare vurderingar.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 033/26 Vedtak:

Sakene tas til orientering.

034/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Kommunedirektøren

- Det blei orientert om samlokalisering barnehagen på byggjeplass, så det vert ikkje ytterlegare orientering i dette møtet
- Miljøretta helsevern: Mange bekymringar kjem inn. Dei vert svart ut av kommuneoverlegen
- Invitasjon til møte med Fylkeskommunen om vegar i april
- Ny plan- og forvaltningssjef frå 1. mars er Torborg Kleppa

Kommunalsjef Samfunn og næring

- Søknad om støtte kr 50 000 til konferansen Aqua Next - det kjem ei sak til kommunestyret i april
- Lysløype Bjødnabu: Bru på Husstølvegen treng tiltak for å kunne utbetre lysløypa. Kommunen har fått pris på utbetring av brua og vil ta midlar frå ordinært budsjett

Kommunalsjef Oppvekst

- Hjelmeland kommune har søkt, og fått tilskot til styrka bemanning i barnehagane, auka frå kr 96 000 i 2025 til kr 357 000 for 2026

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 034/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

035/26: Orientering ny ungdomskule - Mars 2026

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 035/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

036/26: Handlingsprogram for samferdsel for Rogaland - innspel frå Hjelmeland kommune

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune gir følgjande innspel til Handlingsprogram for samferdsel i Rogaland 2026 - 2033.

FV 4678 Sykkel/gangsti Viganeset -Hundsnes -Kleppakrossen : Kommunen ber om at arbeid med realisering av reguleringsplanen blir sett i gong med det første, og at det blir funne finansiering for realisering av heile strekket frå Hundsnes til Viganeset. Dette prosjektet er særskild viktig for Hjelmeland kommune og må ha høg prioritet.

FV4680 Fylkesveg rundt Randøy: Kommunen ber om det blir gjort konkrete tiltak for betra framkommelighet og trafikkssikkerhet på denne vegen, i samsvar med innspel som administrasjonen vil utarbeide etter dialog med Randøy Vel og dei største næringsaktørane (t.d. Randøy Stein og Hovda transport).

FV 4678 Fistervegen frå Fister til krysset med RV 13 (Fisterkrysset): Kommunen ber om at g/s- veg langs FV4678 nordover gjennom «Fister sentrum», frå Joker-butikken ved kryss FV 4678 og FV 4674 vidare nordover til Lid blir tatt inn handlingsprogrammet. Dette er eit prosjekt som kan kommunen trur kan gjennomførast etter "godt nok" -standard .

Kommunen ber om at behovet for nye møteplasser langs Hetlandsvatnet på FV 4678 frå Fister vidare mot Fisterkrysset (RV 13) blir tatt inn i Handlingsprogrammet. Dette er mindre tiltak som bør kunna prioriterast med det aller første.

FV 4682 Vormedalsvegen - strekningen mellom Almenningen og Kvame:

Strekket er utan gang- og sykkelveg, og der vegen, særleg i partiet ved Krofjellet ved Steinslansvatnet er svingete og uoversiktleg, og utrygt for mjuke trafikkantar. Kommunen ber om at tiltak å gjera dette vegstrekket tryggare blir tattinn i handlingsprogrammet.

FV4682 som miljøgate i Hjelmeland sentrum

Områdeplan for Hjelmeland sentrum er vedtatt, og eit viktig element i denne planen er å oppgradera delar av fylkesvegen som miljøgate. Miljøgateprosjektet, er ein vesentleg faktor for å lukkast med sentrumsutviklinga, og kommunen ønskjer at dette tiltaket blir tatt inn i handlingsplanen.

Hjem jobb hjem

Næringslivet i Hjelmeland har for tida stort behov for arbeidskraft. Men bedrifter i Hjelmeland får ikkje vera med på «Hjem jobb hjem-ordninga». Det vanskeleggjer innpendling, og gjer det også meir kostbart for folk i Hjelmeland å pendla internt i kommunen eller til nabokommune utanom Stavanger. Bedrifter i Hjelmeland bør få ta del i ordninga.

Kollektivtilbodet nord for Jøsenfjorden:

Kommunen ber om at blir oppretta ei bestillingsrute til/frå Jøsenfjorden 1 - 2 dagar pr. veke, som korresponderar med båt eller buss vidare til/frå Stavanger, og at Kolumbus ser på mulighet for å opprette rute/bestillingsrute som kan koplast mot eksisterande ruter frå Erfjord/Lovra og vidare nordover slik at det kan bli bussforbindelse mellom Nesvik og Sand.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

2 tilleggforslag - FV 4668 Ullestad-Lyngsheia og Fylkesveg 4702 Ny gang- og sykkelsti frå Coop Vadla til skule/bedehusområde, Haugavegen. , foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet
Fylkesveg 4702 Ny gang- og sykkelsti frå Coop Vadla til skule/bedehusområde, Haugavegen. Kommunen ber om at denne blir prioritert. Trafikken har auka radikalt dei siste åra og mange held ikkje fartsgrensa. Vegen blir nytta mykje av både persontrafikk, næringstrafikk og auka køyring frå hytte- og turismetrafikk. I åra framover vil det bli auka trafikk når vegen over Gullingen blir omkøyringsveg i lang periode med arbeid med veg- og tunnelarbeid i Rødslane på RV 13. Det haster med å få etablert gang- og sykkelveg her.

FV 4668 Ullestad-Lyngsheia. Kommunen ber om at denne del av FV4668 Ullestad til Songesand v/Lysefjorden, særleg fyrste smale og bratte del opp til Leite, blir utbetra til forsvarleg framkommeligheit og trafikktryggleik. Alternativt at vegen blir lagd om frå Tveitebrekka retning nordaust over Tveitebekken, mot Tverråna og til ovanfor Leite.

Lyngsheia er eit regionalt viktig utfarts- og friluftlivsområde for Jæren og søndre Ryfylke. Strekninga Årdal-Ullestad-Lyngsheia -Songesand er peika ut som **viktig og prioritert innfallsport** til Lysefjordområdet i nyleg vedtekne Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet, side 28-29: «Lyngsheia er et relativt snøsikkert område hvor det er et etablert område for skiutfart på vinterstid, og hvor det kjøres noen skiløyper og er brøytet parkeringsplasser langs fylkesveien. Lyngsheia er et viktig friluftslivsområde hele året, men er viktig for å bidra til vinteraktivitet og slik sett bidra til å være en del av grunnlaget for helårsturisme».

Side 40: «Innfallsportene skal bidra til å kanalisere og styre besøksstrømmene i planområdet. Dette gir bedre kontroll over turisttrafikken og kan redusere negative påvirkninger på sårbare områder.

Side 41: «3.3 Retningslinjer: III. Bedre mobilitet og styre besøksstrømmer til attraksjoner og prioriterte destinasjoner gjennom utvalgte innfallspor og tilrettelagte forbindelser»

Øye, SP: Det går framleis steinsprang etter utbetring på Fistervegen. Hegråfjellet bør sikrast med nett, eller liknande.

Svar: Dette er noko kommunen kan gje umiddelbar tilbakemelding til Fylkeskommunen på.

Røysting:

Tilleggsforslag frå Senterpartiet v/Hatløy: Samrøystes vedteke

Innstilling frå kommunedirektøren med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

FSK - 036/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune gir følgjande innspel til Handlingsprogram for samferdsel i Rogaland 2026 - 2033.

FV 4678 Sykkel/gangsti Viganeset -Hundsnes -Kleppakrossen: Kommunen ber om at arbeid med realisering av reguleringsplanen blir sett i gong med det første, og at det blir funne finansiering for realisering av heile strekket frå Hundsnes til Viganeset. Dette prosjektet er særskild viktig for Hjemmeland kommune og må ha høg prioritet.

FV4680 Fylkesveg rundt Randøy: Kommunen ber om det blir gjort konkrete tiltak for betra framkommelighet og trafiksikkerhet på denne vegen, i samsvar med innspel som administrasjonen vil utarbeide etter dialog med Randøy Vel og dei største næringsaktørane (t.d. Randøy Stein og Hovda transport).

FV 4678 Fistervegen frå Fister til krysset med RV 13 (Fisterkrysset): Kommunen ber om at g/s- veg langs FV4678 nordover gjennom «Fister sentrum», frå Joker-butikken ved kryss FV 4678 og FV 4674 vidare nordover til Lid blir tatt inn i handlingsprogrammet. Dette er eit prosjekt som kan kommunen trur kan gjennomførast etter "godt nok" -standard . Kommunen ber om at behovet for nye møteplasser langs Hetlandsvatnet på FV 4678 frå Fister vidare mot Fisterkrysset (RV 13) blir tatt inn i Handlingsprogrammet. Dette er mindre tiltak som bør kunna prioriterast med det aller første.

FV 4682 Vormedalsvegen - strekningen mellom Almenningen og Kvame:

Strekket er utan gang- og sykkelveg, og der vegen, særleg i partiet ved Krofjellet ved Steinslansvatnet er svingete og uoversiktleg, og utrygt for mjuke trafikkantar. Kommunen ber om at tiltak å gjera dette vegstrekket tryggare blir tatt inn i handlingsprogrammet.

FV4682 som miljøgate i Hjemmeland sentrum

Områdeplan for Hjemmeland sentrum er vedtatt, og eit viktig element i denne planen er å oppgradera delar av fylkesvegen som miljøgate. Miljøgateprosjektet, er ein vesentleg faktor for å lukkast med sentrumsutviklinga, og kommunen ønskjer at dette tiltaket blir tatt inn i handlingsplanen.

Fylkesveg 4702 Ny gang- og sykkelsti frå Coop Vadla til skule/bedehusområde,

Haugavegen. Kommunen ber om at denne blir prioritert. Trafikken har auka radikalt dei siste åra og mange held ikkje fartsgrensa. Vegen blir nytta mykje av både persontrafikk, næringstrafikk og auka køyring frå hytte- og turismetrafikk. I åra framover vil det bli auka trafikk når vegen over Gullingen

blir omkøyringsveg i lang periode med arbeid med veg- og tunnelarbeid i Rødslane på RV 13. Det haster med å få etablert gang- og sykkelveg her.

FV 4668 Ullestad-Lyngsheia. Kommunen ber om at denne del av FV4668 Ullestad til Songesand v/Lysefjorden, særleg fyrste smale og bratte del opp til Leite, blir utbetra til forsvarleg framkommeligheit og trafikktryggleik. Alternativt at vegen blir lagd om frå Tveitebrekka retning nordaust over Tveitebekken, mot Tverråna og til ovanfor Leite.

Lyngsheia er eit regionalt viktig utfarts- og friluftlivområde for Jæren og søndre Ryfylke. Strekninga Årdal-Ullestad-Lyngsheia -Songesand er peika ut som **viktig og prioritert innfallsport** til Lysefjordområdet i nyleg vedtekne Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet, side 28-29:

«Lyngsheia er et relativt snøsikkert område hvor det er et etablert område for skiutfart på vinterstid, og hvor det kjøres noen skiløyper og er brøytet parkeringsplasser langs fylkesveien. Lyngsheia er et viktig friluftslivsområde hele året, men er viktig for å bidra til vinteraktivitet og slik sett bidra til å være en del av grunnlaget for helårsturisme».

Side 40: *«Innfallsportene skal bidra til å kanalisere og styre besøksstrømmene i planområdet. Dette gir bedre kontroll over turisttrafikken og kan redusere negative påvirkninger på sårbare områder.*

Side 41: *«3.3 Retningslinjer: III. Bedre mobilitet og styre besøksstrømmer til attraksjoner og prioriterte destinasjoner gjennom utvalgte innfallsporter og tilrettelagte forbindelser»*

Kollektivtilbudet nord for Jøsenfjorden:

Kommunen ber om at blir oppretta ei bestillingsrute til/frå Jøsenfjorden 1 - 2 dagar pr. veke, som korresponderar med båt eller buss vidare til/frå Stavanger, og at Kolumbus ser på mulighet for å opprette rute/bestillingsrute som kan koplast mot eksisterande ruter frå Erfjord/Lovra og vidare nordover slik at det kan bli bussforbindelse mellom Nesvik og Sand.

Hjem jobb hjem

Næringslivet i Hjelmeland har for tida stort behov for arbeidskraft. Men bedrifter i Hjelmeland får ikkje vera med på «Hjem jobb hjem-ordninga». Det vanskeleggjer innpendling, og gjer det også meir kostbart for folk i Hjelmeland å pendla internt i kommunen eller til nabokommune utanom Stavanger. Bedrifter i Hjelmeland bør få ta del i ordninga.

037/26: Søknad om støtte til koordinerande stilling for desentralisert sjukepleiarutdanning i Ryfylke

Alternative forslag til vedtak

Alternativ 1:

Hjelmeland kommune innvilgar søknaden om 170.000 kr over tre år for å delfinansiera den koordinerande stillinga til desentralisert sjukepleiarutdanning, med oppstart hausten 2026.

Alternativ 2:

Hjelmeland kommune innvilgar ikkje søknaden om delfinansiering av koordinerande stilling til desentralisert sjukepleiarutdanning.

Konsekvensen blir at Ryfylke utdanningssenter IKS må søkja støtte frå andre hald. Eventuelt at studiestart blir utsett 1 år slik at søknad om støtte blir teken i budsjettprosessen hausten 2026.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Alternativ 1: Samrøystes vedteke

FSK - 037/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune innvilgar søknaden om 170.000 kr over tre år for å delfinansiera den koordinerande stillinga til desentralisert sjukepleiarutdanning, med oppstart hausten 2026.

038/26: Høyringsvar NOU 2026:1 Ein berekraftig kommunesektor

Forslag til vedtak

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.
3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir vidareført som øyremerkte tilskot.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

17.03.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Behandling:

Alternativt forslag til vedtak, foreslått av Ingvild Egeland, Norsk sykepleierforbund

Forslag frå arbeidstakarsida representert ved Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleierforbundet.

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydeligare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
 2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.
 3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.
 4. Dei øyremerkta tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
 5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
 6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.
- Det store bildet: Kor mykje skal staten styre av det som skjer i kommunal sektor? Kommunesektoren har eit sterkt ønskje om å kunne styre meir av det som skjer i kommunane sjølv.
 - Forslaget til vedtak er i stor grad det same som KS sin uttale, med unntak av punkt 5, kor Hjelmeland har eit anna ønskje enn KS. Kommunen meiner det er betre for Hjelmeland.
 - Dei tillitsvalde er takknemlege for brei involvering. Dei tillitsvalde hadde eit alternativt forslag til vedtak.

Røysting:

Ikkje samrøystes. Arbeidsgivarsida stemte for det opprinnelege forslaget til vedtak, mens arbeidstakersida stemte på det alternative forslaget til vedtak.

AMU - 013/26 Vedtak:

Forslag til vedtak frå arbeidsgivarsida:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.
3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir

vidareført som øyremerkte tilskot.

5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

Forslag til vedtak frå arbeidstakersida representert ved Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav blir opprettheldt slik som det ligg føre fordi det gir tydeligare ansvar, betre styring og sikrar kvaliteten.
2. Lærarnorma blir opprettheldt fordi me må ha nasjonale retningslinjer på skulenivå for å sikra likskap og minstestandardar der det er nødvendig.
3. Dei formelle kompetansekrava i helse og omsorgslova § 3-2 blir opprettheldt, fordi lågare kompetanse kan bli kostbart på sikt.
4. Dei øyremerkta tilskota skal halde fram, heller meir forenkla og målretta i staden for avvikling.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.
6. Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Øye, SP: Ho reiste spørsmål om sin habilitet til pkt 2. Ho vart røysta gild (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si innstilling: Samrøystes vedteke

FSK - 038/26 Vedtak:

1. Bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er for avgrensande og for direkte styrt, og dermed avgrensar handlingsrommet til kommunane. Staten bør i større grad leggja til rette for at kommunane i partssamarbeid kan finna lokale løysingar ut frå fagleg forsvarlegheit.
2. Hjelmeland kommune meiner ei bør endra lærarnorma frå hovudtrinn per skule til kommunenivå og at utforminga av denne bør ha som hensikt å gi elevane tilstrekkeleg pedagogisk oppfølging. Lærarnomen angår i liten grad Hjelmeland kommune fordi skulane våre og klassar i stor grad er for små til å komma inn under norma.

3. Hjelmeland kommune støttar Kommunekommisjonen i at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelovas §3-2 blir oppheva.
4. Hjelmeland kommune støttar kommisjonsforslaget til innlemming av øyremerkte tilskot, med unntak av forslaget om innlemming av veterinærtilskot. Kommunedirektøren støttar KS sitt forslag som tilrår at den delen av tilskotet som blir spesielt gitt som stimuleringstilskot til dekning av veterinærtenester på dagtid i kommunar med svakt næringsgrunnlag blir vidareført som øyremerkte tilskot.
5. Hjelmeland kommune støttar ikkje avvikling av grunnskuletilskotet.

Hjelmeland kommune støttar forslag om forenkling av investeringstilskotsordninga til bufellesskap og sjukeheimar i tråd med kommisjonsforslaget.

039/26: Klarlegging av punkt om reguleringsarbeid - Hjelmeland sentrum - Hagebyen

Forslag til vedtak

Området som skal lagast detaljereguleringsplan for omfattar områda i Hagebyen, Hagahaugen og Ramsbu, som i gjeldande kommuneplan (2019) er vist som eksisterande byggeområde for bustad utan reguleringsplan. Unntatt er område som blir tatt med i reguleringsplan som Rycon har meldt planinitiativ til på vegne av Aslaug U. og Lars Gunnar Jansen (avgresning er ikkje avklart ennå).

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for bustadbygging gjennom fortetting av eksisterande byggeområde, og å sikra kommunale behov for infrastruktur som veg, vatn, avløp og overvasshandtering, og tilstrekkelege areal leikeplassar og friareal.

Kommunedirektøren skal syta for at det blir laga sak om oppstart av planarbeid til handsaming av formannskapet innan utgangen av 2026. Planarbeidet, med tilhøyrande utgreiingskrav, skal deretter leggjast ut på anbod.

Behov for finansiering utover 750 000 kr som allereie er avsette til prosjektet skal utgreiast og innarbeidast i budsjett for 2027.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 039/26 **Vedtak:**

Området som skal lagast detaljereguleringsplan for omfattar områda i Hagebyen, Hagahaugen og Ramsbu, som i gjeldande kommuneplan (2019) er vist som eksisterande byggeområde for bustad utan reguleringsplan. Unntatt er område som blir tatt med i reguleringsplan som Rycon har meldt planinitiativ til på vegne av Aslaug U. og Lars Gunnar Jansen (avgrensing er ikkje avklart ennå).

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for bustadbygging gjennom fortetting av eksisterande byggeområde, og å sikra kommunale behov for infrastruktur som veg, vatn, avløp og overvasshandtering, og tilstrekkelege areal leikeplassar og friareal.

Kommunedirektøren skal syta for at det blir laga sak om oppstart av planarbeid til handsaming av formannskapet innan utgangen av 2026. Planarbeidet, med tilhøyrande utgreiingskrav, skal deretter leggjast ut på anbod.

Behov for finansiering utover 750 000 kr som allereie er avsette til prosjektet skal utgreiast og innarbeidast i budsjett for 2027.

040/26: Kommuneplanens arealdel - Oversikt og grovsortering av innspel til planoppstart

Forslag til vedtak

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.

2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. **Fritidsbustader:** Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandling. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve.

4. **Sentrumsformål/forretning:** Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. **Tenesteyting:** vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. Fritids-og turistformål (reiseliv): Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspela for to uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele og Tjentland m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. Næringsverksemd/industri : Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. Naust/småbåthamner: Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde: Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grønntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både "ut" og "inn" i plan.

12: Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av "eldre" urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

17.03.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Bengt Åke Hauge	Torunn Munthe	Delvis inhabil

Behandling:

Endringsforslag punkt 7, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Melding til Formanskapet, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Dersom FSK endrer vesentlig på grovsortering i forslag frå AFU ber AFU om å få saka til behandling i kommunestyret 9. april.

Kommuneplan , foreslått av Sven Gil Westersjø, Arbeiderpartiet

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Tilleggsforslag til 1. gongsbehandling, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongs behandling av kommuneplanens arealdel.

Endringsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP)

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritereing andre interesser.

Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Røysting:

Endringsforslag til Fjeldheim Egeland vedteken mot en stemme (Sværen, SV).

Tilleggsforslag Sven Gil Westersjø (AP)

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Røysting:

Endringsforslag til Gil Westersjø samrøystes vedteken.

Tilleggsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP)

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongs behandling av kommuneplanens arealdel.

Røysting:

Endringsforslag til Gil Westersjø samrøystes vedteken.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt forslag med tilleggsforslag samrøystes vedteken.

AFU - 019/26 **Vedtak:**

Forslag til vedtak

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.

2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. **Fritidsbustader:** Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandling. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve.

4. **Sentrumsformål/forretning:** Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. **Tenesteyting:** vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. **Fritids-og turistformål (reiseliv):** Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, *(endring som følgte:) men ikkje innspelet for **det eine av uttaksområda** i Årdal* dvs utviding Mele og Tjentland m.a. pga prioritering andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. **Næringsverksemd/industri :** Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. **Naust/småbåthamner:** Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. **Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde:** Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grøntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både "ut" og "inn" i plan.

12: Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av "eldre" urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongsbehandling av kommuneplanens arealdel.

Dersom FSK endrer vesentlig på grovsortering i forslag frå AFU ber AFU om å få saka til behandling i kommunestyret 9. april.

18.03.2026 Formannskapet

Behandling:

Endring, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Første setning under bokstav a) i punkt 2 tas ut. Panorama bustadfelt og felte B2-B4 i områdeplan Sæbø skal dermed ikkje planvaskast ut.

Endring, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

2. Bustad:

Innspill 118: utviding av bustadfelt Puntsnes tas med i vurderingene pga prioritering bustad.

Arbeid med næringsareal, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Det vert sett ned ei politisk referansegruppe som skal vere ein ressurs i arbeidet med næringsareal. Gruppa skal bestå av gruppeleiarar og ordførar.

Endring pukk/steinbrot, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir med i KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling. (Knutsvik)

Endringsforslag punkt 7, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 7a) endres til:

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for det eine av uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritering andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

Nytt punkt, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongs behandling av kommuneplanens arealdel.

Kommuneplan, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Føreslått av Sven Gil Westersjø og vedteke i AFU.

Følgjande reiste spørsmål om sin habilitet:

- Solveig Romsø Øye, SP
- Arthur Fjeldheim Egeland, SP
- Anna Lena Kleppa, SP

Dagfinn Svadberg Hatløy, SP

Alle vart røysta gilde (samrøystes) men må gå i frå om behandlinga rører ved deira innspel, eller interesser, (delvis habilitet). Tre vararepresentantar er kalla inn som kan tre inn ved behov.

Ordføraren ber om eit temamøte om kommuneplanen sin arealdel i god tid før 1. gongsbehandling av saka. Sakspapira må sendast ut i god tid før temamøtet.

Røysting:

Endringsforslag frå Halsne, KrF, Bustad Panorama bustadfelt /Sæbø: **Falt** mot 3 røyster (KrF og H stemte for)

Endringsforslag frå Munthe, H - 118 Bustad Pundsnes: **Falt** mot 4 røyster (H, KrF og AP stemte for)

Endringsforslag frå Munthe, H - Endring 7b Pukk / steinbrot: **Falt** mot 4 røyster (H, AP og A Riskedal (SP) stemte for)

Tilleggsforslag frå A. Riskedal, SP - Politisk referansegruppe: **Vedteke** med 8 mot 1 stemme (Kleppa (SP))

Endringsforslag frå Egeland, SP og AFU, :

- 7a) Sand og grus Tjentland: **Vedteke** med 8 mot 1 stemme (Kleppa, (SP))
- Nytt punkt massedeponi Ingvaldstad: **Samrøystes vedteke**
- Bustadfelt Fisterhammaren: **Samrøystes vedteke**

Heile saka med vedtekne endringar: **Samrøystes vedteke**

FSK - 040/26 **Vedtak:**

Bustad og eksisterande næringar med særskild vekt på reiseliv skal prioriterast i planarbeidet framfor andre tema.

Prioritering av tema til 1.gongsbehandling:

1. **Planvask:** urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurderast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift oppstillinga under.

2. **Bustad:** Innspel som inneheld forslag om bustadbygging både spreidd i LNF-område og

feltutbyggingar skal KU/ROS-vurderast, og evt behov for planvask skal vurderast i lys av planreserve, forventa behov og punkt 1 over.

Med følgjande unntak:

a) for tettstaden Hjelmeland: Panorama bustadfelt og felta B2-B4 i Områdeplan Sæbø skal planvaskast ut, jf formannskapsvedtak i plansak Burmaveg. Bustadutvikling i Hjelmeland sentrum skal prioriterast til regulerte delfelt i Områdeplan sentrum, påbegynt felt B1 i Områdeplan Sæbø, regulert felt Hamrane/Tuntland og eventuelt foretetting i eksisterande felt som td. Hagahaugen.

b) for Fister: planreserven for bustad er god gjennom regulerte felt Eikehaugen, Sandvik og Solstrand, og nye innspel for bustader på Fister blir ikkje prioritert vidare. Ein tilrår å planvaske ut framtidige/urealiserte felt i kommuneplanen som td B6.

3. Fritidsbustader: Ikkje prioritert tema vidare. Innspel om hytter blir ikkje med til reell 1.gongsbehandilng. Ein skal vurdere å planvaske ut urealiserte felt jf punkt 1 og 2 over + evt vidareføring av områda for LNF spreidd hytte avheng av vurderingar ift arealstrategi, naturmangfald, naturfare og arealreserve.

4. Sentrumsformål/forretning: Ikkje prioritert tema i denne planrevisjon

5. Tenesteyting: vurderast i lys av kommunen sine behov for strukturendringar på omsorg og oppvekst.

6. Fritids-og turistformål (reiseliv): Prioritert formål dvs alle innspel som inneheld forslag om reiseliv skal KU/ROS vurderast, men det skal òg vurderast å planvaske ut eldre/urealiserte felt.

7. Råstoffutvinning:

a) Sand/grus: Nytt innspel om Storhogg/Jøsenfjorden KU/ROS-vurderast vidare, men ikkje innspelet for det eine av uttaksområda i Årdal dvs utviding Mele m.a. pga prioritereing andre interesser. Vurdere å planvaske ut tre eldre/urealiserte felt jf Byggeråstoff plan + vurdere å leggje inn føresegn om rekkefølgekrav ift tilbakeføring av eksisterande felt til ein viss prosent før ein opnar opp nye.

b) Pukk/steinbrot : Innspel/tema blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare som formål byggeråstoff til reell 1.gongsbehandling, men innspelsområde Knutsvikheia blir jf plan-og bygningslova § 11-8 f) prioritert som sone med særleg omsyn mineralressurs med retningslinjer om begrensning av verksemd og vilkår for tiltak for å ivareta interessa i sona

8. Næringsverksemd/industri : Prioritert tema. Innkomne innspel om næringsverksemd skal KU/ROS-vurderast + undersøkje moglegheita for nye areal ettersom både Viganset og Svadberg har sine framtidige utfordringar.

9. Naust/småbåthamner: Ikkje prioritert tema. Nye innspel blir ikkje KU/ROS-vurdert vidare.

10. Grøntstruktur - Natur, turdrag og friområde: Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grøntstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen

11. Offentlege vegar og p-plasser : Få innspel, men aktuelt med reell vurdering av desse til 1.gongsbehandling, gjeld både “ut” og “inn” i plan.

12: Akvakultur; Alle innspel og alle lokalitetar frå gjeldande plan skal KU/ROS-vurderast + vurdere endringar/flytting/utviding + planvask av “eldre” urealiserte lokalitetar frå gjeldande kommuneplan.

13. Kommunen sitt eige arealbehov skal avklarast gjennom nedsette arbeidsgrupper, og eventuelle konkrete utbyggingsområde skal KU/ROS-vurderast før evt 1.gongsbehandling.

14. Innspel frå eksterne myndigheiter, lag/organisasjonar/bygdaråd skal tas med i vurderingane til 1.gongsbehandling

Ein viser til **vedlagd tabell over innspel** som viser om det enkelte innspel går vidare eller ikkje.

Kommuneplanens arealdel - under pkt 2 bustadområde - Innspel 78 og 121 på Fisterhammaren vert prioritert vidare.

Innspel til byggeråstoffplan om massedeponi på Ingvaldstad skal vurderes/utredast til 1. gongsbehandling av kommuneplanens arealdel.